



”Geit i Vekst”

v/Ola Søgnesand
Postboks 62
6801 Førde
Mobilnr: 90996816
E-post: ola.sognesand@tine.no

Dato: 19.02.2010.

Komposittgolv.

Den siste tida har det kome ein del spørsmål om komposittgolv er eigneleg til geit. Det har vore vanskeleg å gje gode svar på dette fordi ein ikkje har visst om nokon geitehaldar som har prøv det. Plastrister er det mange som har lagt og tilbakemeldingane på desse er stort sett positive.

Komposittgolv kan vere interessant med bakgrunn i at det kan leggast sjølvberande på opp til 3,6 m . I tillegg er overflata ru. Dette gjer golvet sklisikkert og kanskje er det positivt i høve til klauene til dyra.

Den ru overflata gjer at ein blir usikker på reinhaldet. Har det lett for å gro til med geitehår og før som blir drege inn i bingen?. Dette er spørsmål ein gjerne vil ha svar på før ein tilrår nokon å bruke det.

Underteikna har jobba ein del med å finne ein geitehaldar som har erfaring med denne typen golv, og endeleg har det lukkast. Geitehaldaren eg siktar til held til i Nord Norge og han la inn komposittgolv våren/sommaren 2009. Grunna usikkerheit omkring reinhald m.m. vart det lagt ca halvt om halvt med komposittgolv og plastrister. Geitehaldaren seier at han er godt nøgd med golvet så langt og at i dag ville han nok satsa på berre komposittgolv. Når det gjeld reinhald så er det meir nødvendig på komposittgolvet enn på plastristene. Noko av komposittgolvet må reingjerast/vaskast ca ein gong i månaden seier han. Han meiner og at golvet virkar positivt på klauslitasjen hos geitene. No når eg snakka med bonden var kjeinga nett starta og han har opplevd at små kje kan henge fast i golvet. Det har og skjedd på plastgolvet men i mindre omfang.

Bonden var svært positiv til å ha kontakt slik at eg har fått lov å ringe om nokre veker for å få hans erfaring med golvet i høve til kjeinga. Han var også positiv til at eg kan opplyse om telefonnummeret hans til geitehaldarar som ynskjer å snakke med han direkte om denne golvtypen

Om du som les dette har erfaring med komposittgolv til geit (god eller dårleg) så ta for all del kontakt med underteikna så eg får vite om dine erfaringar.

OBS! Det er ting ved val av lengde på ristene som kan vere greit å vite. Ta difor kontakt før du planlegg det berande opplegget.

Med helsing

Ola Søgnesand